



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

20.03.2020

Vår ref:

2019/3050

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Løyve til handtering av smittefarleg avfall til Retura Nomil as, Eidsmona

Vi viser til søknad datert 12.3.2020 om løyve til innsamling, mottak og mellomlagring av smittefarleg avfall.

Behovet for auka kapasitet til å handtere smittefarleg avfall skuldast pandemien frå Corona-viruset.

Fylkesmannen gjer følgjande hastevedtak:

Utsleppsløyvet til Retura Nomil AS datert 4.9.2018 får følgjande tillegg:

1. **Løyvet omfattar lagring av smittefarleg avfall i SSB koden (avfallsstoffkode) 6003. Samla mengd per år og samla mengd samstundes lagra avfall inngår i totalramma i vilkår 1 i løyvet datert 4.9.18.**
2. **Avfallet skal lagrast inne og skilt frå anna avfall. Emballasje skal vere eigna til smittefarleg avfall¹.**
3. **Maksimal lagringstid på anlegget er 6 månadar.**
4. **Dette løyvet gjeld mellombels til 1.7.2021.**
5. **Elles gjeld gjeld vilkåra i løyve av 4.9.18.**

Grunngjeving

Løyvet er gjort mellombels. Vi veit i dag ikkje kor lenge behovet vil vare. Denne verksemda er også omfatta av tilleggskrava etter § 36-1, andre ledd, jf. omtalen i vedlegg 1. Verksemda er tidlegare varsla om at løyvet kan verte endra som følgje av dette. Som lekk i den vurderinga, kan det vere aktuelt å vurdere vidare behov for denne typen avfall.

Anlegget er lokalisert på eit område med næringsverksemder. Vi vurderer at denne mellombelse endringa av løyvet ikkje vil føre til særleg endra forureining samanlikna med det som allereie er omfatta av løyvet gitt 4.9.18.

Anna handtering av smittefarleg avfall er regulert av forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv. av 11.10.2005. Krava i denne forskriftena gjeld også for den som samlar inn

¹ Jf. § 7 i forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv. av 11.10.2005



og transporterer slikt avfall. I samsvar med § 5 i forskriften kan helse- og dyrehelsetenester der smittefarleg avfall oppstår, levere til eller få henta slikt avfall frå Retura Nomil as.

Sakshandsaming

Etter § 36-9, andre ledd, bokstav a i forureiningsforskrifta er det gitt unnatak for førehandsvarsling etter § 37- 7 til § 37-8 i same forskrift. Vi vurderer at auka kapasitet til å handtere smittefarleg avfall i denne tida er nødvendig for å kunne løyse akutte problem og er av tungtvegande samfunnsmessige interesser. Vidare haster det med å fatte vedtak i denne saka for å sikre forsvarleg handtering av avfallet.

Løyvet vil underretta årmenta på våre nettsider. Vi oppmodar også Gloppen kommune og Retura Nomil AS å gjere løyvet kjend på sine nettsider.

Vedtak om saksbehandlingsgebyr

Fylkesmannen tek saksbehandlingsgebyr for arbeid med løyve. Gebyret skal dekke kostnadane vi har med å behandle søknaden. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under gebyrsats 9, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 6 700 kroner i gebyr for løyvet. Gebrysatsen er den lågaste gebrysatsen, og er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved behandling av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette vedtaket eller det er underretta om på våre nettsider.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

Partane har, med visse avgrensingar, rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil også kunne gi andre opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av verknad for saka.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

NORDFJORD MILJØVERK IKS	Postboks 224	6821	SANDANE
Retura Nomil AS	Eidsmona 14	6823	SANDANE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57643148
E-post: fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
04.09.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2011/314- 472
Dykkar referanse

Retura Nomil AS
Eidsmona 14
6823 SANDANE

post@returnanomil.no

Oversending av endra løyve for handtering av avfall på Eidsmona for Retura nomil AS – gebyr for sakshandsaming.

Fylkesmannen har endra løyve etter ureiningslova til handtering av avfall for Retura Nomil AS sitt anlegg på Eidsmona.

Løyvet med tilhøyrande vilkår vert sendt saman med dette brevet.

Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda vil få betalingskrav i etterkant.

Vi viser til søknad frå Retura Nomil AS datert 07.06.2018 om endra løyve til handtering av avfall ved anlegget på Eidsmona i Gloppen kommune.

Når vurdering av søknad endar med utsleppsløyve til aktivitet, vert vedtaket send ut som to skriv: oversendingsbrevet og løyvedokumentet.

Oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og søknadsprosessen. Det gir nærmere grunngjeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærmere krav i enkelte av vilkåra. Vi viser difor også til oversendingsbrev som vart sendt saman med løyvet 19.02.2014.

I løyvedokumentet(vedlagt) gir Fylkesmannen utsleppskonsesjon (utsleppsløyve) på omtalt stad og for nærmere avgrensa aktivitet. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda.

Verksemda må legge dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatta ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll.

Saksframstilling

Retura Nomil AS er ei etablert verksemde som har hatt løyve til avfallshandtering på Eidsmona industriområde sidan 2014. Verksemda søkte i 2016 om endringar i løyvet, men handsaming av denne søknaden har vore utsett grunna planar om endra lokalitet. Fordi avklaringa om dette har teke lang tid, har anlegget over ein periode handtert meir avfall enn ramma i løyvet. Denne søknaden gjeld løyve til å få ta imot meir avfall ved det anlegget dei har i dag.

Førehandsvarsling og offentleg høyring

Søknaden har vore kunngjort i avisene Firda og Firda Tidend, førehandsvarsla til kommune og naboar og har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn ved tenestetorget i Gloppe kommune i tida 03.07.2018 – 20.08.2018.

Det har komme ein uttaler til søknaden frå Anne Helene Eide.

Ho meiner at området på Eidsmona ville vere godt eigna til bustadfelt, og ønskjer at boss-plassen vert fjerna.

Høyringsuttalen er sendt til Retura Nomil AS for kommentar. Dei viser til at høyringsuttalen har merknad til generell plassering av anlegget til Retura Nomil AS (og Nordfjord Miljøverk IKS) i Eidsmona. Plasseringa er innafor område regulert av Gloppe kommune til næringsområde.

Fylkesmannen vurderer at uttalen er meir retta mot kommunale planar for området. Så lenge området er regulert til denne type aktivitet, så er ikkje arealbruken eit tema i forhold til endringane i utsleppsløyvet frå Fylkesmannen. Det er og viktig å presisere at det ikkje er snakk om eit deponi for avfall, men eit anlegg som handterer avfallet før det vert sendt vidare til slutthandsaming.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Fylkesmannen har ved vurdering av om det skulle gjevast løyve i 2014 og ved fastsetting av vilkår vurdert dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhilde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Ved denne endringa av løyvet vert det vist til oversendingsbrevet frå 2014 og dei vurderingane som då vart gjort. Dette gjeld også vurderingane i høve til naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Det vert no gitt løyve til ei vesentleg auke i avfallsmengde. Dette vil medføre meir transport inn og ut av anlegget. Ved fastsettjing av vilkåra i 2014 har Fylkesmannen lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar. Det er ikkje gjort endringar i vilkåra som medfører lempelegare krav, og grensene for støy, utslepp til vatn og støv er like strenge som tidlegare.

Det er gjort nokre mindre endringar i teksten i høve til tidlegare løyve. Dette gjeld særleg der ureiningsregelverket er endra sidan 2014. Desse endringane er lista opp i endringsloggen.

Kommentarar til enkelte vilkår

Krav til maksimal konsentrasjon av olje i vatn etter **oljeutskiljar**, er sett likt med tidlegare løyve. Kravet til målefrekvens er endra frå 4 gong pr. år til minimum 2 gonger pr. år. Dette er gjort fordi det er Nordfjord Miljøverk iks som har ansvar for oppfølging av felles oljeutskiljar. Etter vurdering av tidlegare analysar har dei fått endra frekvensen for prøvetaking til 2x årleg.

Drifta ved anlegget vil føre til **støy**, men endringane i løyvet skal ikkje føre til auka støynivå. Utslepp av støy er gjort lovleg i tidlegare løyve, og er vidareført her på same nivå.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden, og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold, vurderer Fylkesmannen at endra utsleppsløyve med dei tilhøyrande vilkåra som omtalt i løyvedokumentet kan gjevast.

Fylkesmannen har vald å skrive ut nytt løyvedokument med dei endringane som er gjort.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller som er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Vi viser også til dei vurderingar og konklusjonar som vart gjort i oversendingsbrev som vart sendt saman med løyvet 19.02.2014.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Miljørisikoanalyse og internkontroll	Må oppdaterast minst årleg	2.4
Informasjon til kundar	Kvar nye kunde, elles jamleg	3.3
Prøvetaking av olje i oljeutskiljar	Min. 2 gonger per år	4.1
Vurdere utbytting av miljøfarlege kjemikal (substitusjon)	Min. årleg	6
Øving av beredskap	Min. årleg	8
Rapportering til Fylkesmannen	Årleg 1.mars eller særskild frist det enkelte året	10
Oversikt over miljøpåverknad frå aktiviteten	Årleg til ålmenta	Miljøinformasjonslova

Vedtak om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi viser til varsel om gebyrplikt datert 02.07.2018, og vedtek med dette at verksemda må betale eit gebyr til staten på kr. 26.200,- (sats 6) for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet.

Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetjinga.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og utsleppsløyvet.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Jamvel om utslepp vert halde innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkelig er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å stette alle relevante krav i ureiningslova og produktkontrollova med forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av mest relevante forskrifter er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for verksemda, viser vi til www.regelhjelp.no.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor ligge føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmakten eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale.

Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørge for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

At ureininga er tilleten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap. 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkeren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, til dømes om arbeidsmiljø, helse eller brannvern.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan **tre veker** etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal omtale nærmare kva det vert klagat på, og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjekast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet

Verksemda skal gjere vedtaket offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjering skal sendast til Fylkesmannen.

Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Sendt saman med dette brevet: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi til: Gloppen kommune



Løyve etter ureiningslova for handtering av avfall på Eidsmona

Retura Nomil AS

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16 og § 11-6 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta).

Løyvet er endra i medhald av § 18 i ureiningslova. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad og som er kome fram under behandlinga av søknaden.

Dette løyvedokumentet erstattar løyvet datert 19.02.2014.

Verksemddata

Anlegg	Eidsmona		
Verksemrd	Retura Nomil AS		
Adresse, poststad	Eidsmona 14, 6823 Sandane		
Besøksadresse	Eidsmona		
Kommune og fylke	Gloppen i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr.	76/141	UTM midtpunkt	0355523 6849935
Org. nummer (føretak/eigd av)	985226482	Org.nr. (verksemrd)	985241864
NACE-kode	38.110 Innsamling av ikkje-farleg avfall 38.210 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall 38.220 Behandling og disponering av farleg avfall		
NOSE-kode	109.00.00 Behandling og disponering av avfall		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse
11/314	1445.0042.02 ordinært avfall 1445.0042.03 farleg avfall	2014.097.T	avfall	3

Løyve gitt: 19.2.2014	Endringsnummer: 1	Denne endringa: 04.09.2018
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernssjef	Grete Haugan senioringeniør	

Endringslogg

Endring nr.	Dato endra	Vilkår nr.	Omtale
1	04.09.2018	1 3.5.5 4.1 10 Vedlegg	Auka ramme Endra lagringstid i samsvar med endring i avfallsforskrifta Frekvens for prøvetaking endra Tekst endra i samsvar med nyare krav Gamalt vedlegg 3 fjerna Vedlegg 1, liste over prioriterte stoff oppdatert.

Innhald

0. Føresetnader	4
1. Produksjonsforhold og rammer	4
2. Generelle krav	5
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	5
2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø.....	5
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	5
2.4. Nærmiljø	6
3. Om handtering av avfall	6
3.1. Mottak og journalføring	6
3.2. Bemanning og kompetanse	6
3.3. Informasjon til kundar	7
3.4. Ordinært avfall	7
3.5. Farleg avfall	7
3.6. Eige avfall	9
4. Utslepp til grunn og vatn	9
4.1. Utsleppsgrenser.....	9
4.2. Prøvetaking og analyse	10
4.3. Utsleppstad for prosessavløp	10
4.4. Overflatevatn	10
5. Utslepp til luft	10
5.1. Utslepp av lukt	10
5.2. Utslepp av støv	10
6. Støy	10
6.1. Utsleppsgrenser.....	10
6.2. Dokumentasjon på støynivå	11
7. Kjemikal	12
8. Beredskap mot akutt ureining	12
9. Rapportering til Fylkesmannen	12
10. Økonomisk sikkerheit	13
10.1.Finansiell sikring	13
10.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall	13
11. Større endringar	13
11.1. Utskifting av utstyr	13
11.2. Eigarskifte	13
11.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	14
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1	15
VEDLEGG 2 - Definisjonar	17
VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport	18

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå dags dato. Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilkåra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

1. Produksjonsforhold og rammer

Løyvet gjeld ureining og ulempe som følgje av handtering av ordinært og farleg avfall frå næring. Årleg mengd avfall er avgrensa til:

	Ordinært avfall*	Farleg avfall*
Årleg mengd avfall	6000 tonn	800 tonn
Maksimalt mellomlagra på anlegget, fast avfall	1500 tonn	150 tonn
Maksimalt mellomlagra på anlegget, flytande avfall	20 m ³	20 m ³

* I desse mengdene inngår ikkje objekt/utstyr som vert levert/selt for ombruk.

Ved vesentlege endringar i drifta skal verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om utsleppa ligg innafor dei fastsette grensene

Handtering av avfall frå hushald som er omfatta av kommunen si plikt jf. ureiningslova § 30 og § 26, kan berre finne stad etter skriftleg avtale med vedkomande kommune eller interkommunalt avfallsselskap.

Handteringen av ordinært avfall omfattar: inn- og uttransport, mottak, sortering, kverning, nedklipping/skjering, omemballering, omlasting og mellomlagring av avfall. Handteringen omfattar ikkje anna behandling (til dømes biologisk eller termisk).

Handteringen av farleg avfall omfattar: inntransport, mottak, sortering, omemballering, lagring inkludert samlagring, omlasting og transport til godkjent mottak (2.aktør eller for sluttdisponering). Handteringen omfattar ikkje anna behandling, disponering av, nyttiggjøring eller innsamling av farleg avfall.

Vilkåra gjeld også for handtering av produkt som har opphøyd å vere avfall etter kriteria i kapittel 18A i avfallsforskrifta.

Sluttdisponering på staden kan ikkje finne stad. Ombruk eller nyttiggjøring av material/stoff på staden er ikkje omfatta av dette løyvet.

2. Generelle krav

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Verksemda pliktar å redusere sine utslepp, så langt dette er teknisk mogleg, med best tilgjengeleg teknologi. For å unngå eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nyte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultata for noverande og framtidig tilstand i miljøet.

Utslepp av stoff oppført i vedlegg 1 er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet.

Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø

Etter gjeldande forskrift¹ pliktar verksemda å etablere, drive etter og jamleg oppdatere internkontroll som gjeld for ytre miljø. Internkontrollen skal bygge på ein dokumentert og oppdatert risikovurdering av fare og sannsynlegheit for utslepp og manglar ved kjemikal- og avfallshandtering. Eiga oppfølging skal mellom anna sikre at verksemda held krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere² Fylkesmannen og nabolag

- når utsleppsmåling viser verdi over tillate utslepp,
- når det vert planlagt aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- når mottak av avfall/råvarer som viser seg å kunne gje uføresette utfordringar,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra i lengre tid eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda etablere eit dokumentert system for registrering av klagar/meldingar og eiga oppfølging. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

¹ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

² Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

2.4. Nærmiljø

Verksemda skal ha driftsrutinar som sikrar at ulemper frå lukt, støy, støv, skadedyr, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum. Det skal utarbeidast eige program for å hindre skadedyr. Eigen oppfølging av rutinane skal sikre miljøet nær staden mot ulempe som følgje av drifta.

Alt råstoff, produksjonseiningar, avfall, produkt, med meir som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Utandørs handtering skal vere omgitt av minst 2 meter høgt gjerde.

Utanom arbeidstid skal anlegget vere heilt avstengd og låst.

Handtering av avfall som kan medføre fare for ureining eller elles kan vere særleg støyande, skal så langt få skje innandørs.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

3. Om handtering av avfall

3.1. Mottak og journalføring

Alt motteke avfall skal registrerast på godkjent vekt, dersom det ikkje er openbert at oppgitt vekt er rett. Kvar levering frå enkeltkunde skal så langt få journalførast med eige løpenummer (lagernummer).

Av journalen skal minst framgå: Dato for mottak, avfallsprodusent, lagerplass/tank, mengd avfall og tal kolli/volum. Avfallet skal vere registrert etter opphav i samsvar med EAL-lista³, og etter type i samsvar med NS 9431⁴. Det skal også noterast i journalen når avfallet forlet plassen og namn på godkjent mottakar. Nødvendige opplysningar om avfallet skal vere lett tilgjengelege ved kontroll. Fylkesmannen kan påleggje mottaksanlegget å sende kopi eller samandrag av alle journalar til Fylkesmannen eller andre.

Journalane skal oppbevarast i minst 5 år, og skal vere lett tilgjengelege ved kontroll. Journaldata skal vere sikra med kopi lagra annan stad for å unngå tap ved uføresett hending. Orientering om mengd og plassering av brannfarleg avfall skal vere tilgjengeleg i brannsikker avstand frå mellomlagerplass.

3.2. Bemanning og kompetanse

Bemanninga ved anlegget skal vere tilstrekkeleg til at feillevering og feilsortering vert unngått.

Tilsette som handterer farleg avfall skal ha gjennomgått særskild opplæring av anerkjend nasjonalt kompetanseMiljø, eller etter Fylkesmannen sine nærmere krav. Opplæringa skal mellom anna bidra til å sikre at avfall vert riktig klassifisert, at registrering, deklarering, merking og journalføring er korrekt, at ulike avfallstypar ikkje

³ EAL: Europeisk avfallsliste, kode med 6 siffer, tatt inn i avfallsforskrifta.

⁴ Norsk Standard med 4-sifra avfallskode (avfallstoffnummer)

vert blanda, at emballasje er eigna, og at det vert forsvarleg lagra fram til vidare levering.

Tilsette som handterer avfall skal halde seg oppdatert om gjeldande reglar og normer og utvikle eigen kompetanse om stoff/avfall som kan takast i mot på anlegget. Verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen skal haldast vedlike og aukast.

Det skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg minst ein person med tilstrekkeleg kompetanse ved verksemda. Verksemda må ha tilknytt kjemikompetanse på minst bachelor-nivå, ved eigen tilsett eller avtale med kompetent person/verksemrd.

3.3. Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon om korleis avfall kan takast i mot ved anlegget. Det skal leggast særskilt vekt på informasjon som kan føre til auka innsamling av farleg avfall, EE-avfall og andre prioriterte avfallstypar. Mellom anna må det gjevast særskilt informasjon til abonnentar og næringskundar som har bygg-, anlegg- eller rivingsavfall. Informasjonsomfanget skal også bidra til å sikre best moglege sorteringsordningar hos kundane.

Løyvet skal vere slått opp på mottaksstaden, vere publisert på verksemda si heimeside og kopi skal kunne leverast leverandør på førespurnad.

3.4. Ordinært avfall

Verksemda kan handtere ordinært avfall etter den inndelinga som til ei kvar tid gir best høve til materialgjenvinning eller gjenbruk av avfallstype eller avfallsstoff. Avfall som ikkje gir høve til materialgjenvinning eller gjenbruk skal handterast for å gi grunnlag for best mogleg energiutnytting. Tilsvarande skal verksemda syte for at føremålstenlege sorteringsystem vert tilbode kundane.

Avfallet må takast imot og lagrast slik at høvet til materialgjenvinning eller energiutnytting ikkje vert forringa. Skjemmande avfall skal så langt råd sikrast mot innsyn frå offentleg område.

Berre fråsortert restavfall som ikkje kan gjenbruakast, materialgjenvinnast eller energiutnyttast, kan leverast til godkjent sluttdisponering.

Blanda/ikkje sortert avfall skal fråsorterast så snart som råd og seinast innan ei arbeidsveke. Fråsortert, ordinært avfall kan mellomlagrast ved anlegget i inntil 12 månader, før vidarelevering til godkjente mottak.

3.5. Farleg avfall

3.5.1 Generelt om mottak av farleg avfall

Verksemda skal vere registrert som aktør, og skal ha alle nødvendige avtalar i det nasjonale farleg avfall - systemet⁵ før farleg avfall kan takast imot. Verksemda pliktar å ta imot alle farlege avfallstypar omtalte i § 11-4 i avfallsforskrifta.

⁵ For tida avtalar med NORSAS og innsamlar/ar

Området for handtering av farleg avfall skal vere fysisk skild frå annan aktivitet ved verksemda. Motteke farleg avfall skal ikkje handterast saman med, eller blandast med anna avfall. Dersom vidarelevering består av blanda farleg avfall og ordinært avfall, skal alt avfallet handterast som farleg avfall.

For farleg avfall må ein i tillegg til journalkrava i vilkår 3.1 registrere: deklarasjonsnummer, og ved samdeklarering - overført samdeklarasjonsnummer.

3.5.2 Mottak av farleg avfall frå næring

Ved mottak av farleg avfall frå næring skal løyvehavaren sjå til at avfallet er deklareret⁶. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklareringa er utført korrekt. Dersom dette ikkje er gjort må løyvehavar gi tilstrekkeleg informasjon, og mellom anna levere ut deklarasjonsskjema til leverandøren ved etterspørrelse. Særskild liste skal førast over verksemder som ikkje deklarerer korrekt.

3.5.3 Mottak av farleg avfall frå husstand

Ved mottak av farleg avfall frå husstandar er kommunen ansvarleg for deklarering. Verksemda kan utføre den praktiske registreringa av farleg avfall etter skriftleg avtale med kommunen. Kommunen skal så raskt som mogleg motta og kunne oppbevare all dokumentasjon om eige avfall.

Løyvehavaren eller kommunen kan ikkje krevje stykkprisbetaling for mottak av farleg avfall frå husstand (private). Kostnadsdekking inntil sjølvkost kan verte dekt av ordinært avfallsgebyr.

3.5.4 Lagring av farleg avfall

Farleg avfall skal lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining. Lagra farleg avfall skal til ei kvar tid ha tilstrekkeleg tilsyn. Som eit minimum skal følgjande tiltak vere oppfylt:

- All lagring skal vere basert på dokumentert risikovurdering.
- Lagringa skal vere sikra slik at utedkomande ikkje får tilgjenge.
- Avfallet skal lagrast under tak eller på anna måte vere skjerma mot nedbør, dersom det ikkje kan dokumenterast at annan lagring ikkje medfører større ureiningsfare eller problem ved vidare handtering.
- Fast avfall skal lagrast på u gjennomtrenteleg fast dekke, dersom det ikkje kan dokumenterast at annan lagring ikkje medfører større ureiningsfare eller problem ved vidare handtering.
- Emballasjen skal vere varig merkt med avfallsstoffnummer og avfallstype.
- Faren for søl eller lekkasje frå motteke avfall skal vere minimal, og i samsvar med dokumentert akseptnivå. Eventuelle uhellsutslepp skal samlast opp straks.
- Oppsamlings- og absorberande utstyr skal i mengd og storleik vere tilpassa maksimal lagringsmengd.
- Blanding av ulike typar farleg avfall som ikkje kan samdeklarerast, er ikkje tillate.

⁶ Gitt alle relevante opplysningar skriftleg på deklarasjon godkjent av Miljødirektoratet

- Fortynning av motteke farleg avfall for å unngå farleg avfall - klassifisering er ikke tillate.
- Stoff som ikke kan samlastast etter ADR-reglane, skal lagrast på fysisk skilde område.
- Verksemda skal ha kart over lager av avfallet der det går fram kor dei forskjellige typane avfall er lagra.

3.5.5. Tiltak ved vidarelevering av farleg avfall

Før avfallet vert levert vidare til eller henta av aktør, skal løyvehavar sikre at

- emballasje er rein og uskadd og eigna for lagring og transport av det aktuelle avfallet
- emballasje er merkt med deklarasjonsnummer og avfallststoffnummer (eller annan tilsvarende eintydige opplysning om avfallstype) påført med vérbestandig merking
- emballasje er merkt i samsvar med regelverket om transport av farleg gods

Deklarasjonsskjema skal følgje med alt farleg avfall som forlet anlegget. Det er berre tillate å levere vidare til/få henta frå avfallsaktørar godkjente i samsvar med kapittel 11 i avfallsforskrifta (Farleg avfall).

Alt motteke farleg avfall skal vere levert til godkjent mottak innan 12 månader. Ved mobilt mottak skal avfallet innan 24 timer vere frakta til verksemda sitt stasjonære anlegg eller anna godkjent mottak.

3.6. Eige avfall

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna restavfall som følgje av drifta.

4. Utslepp til grunn og vatn

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet. Anlegget skal ha fast dekke med kontrollert fall mot oppsamlingspunkt.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

4.1. Utsleppsgrenser

Oljehaldig avløpsvatn frå avfall eller drift av anlegget (verkstad, bilvask, uteområde, med meir) skal leiast via sandfang til oljeutskiljar som er dimensjonert etter største belastning. Nedanfor oljeutskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gir høve til å ta representative prøvar av avløpsvatnet.

Følgjande utsleppsgrense gjeld:

Utslepps-komponent	Utslepps-kjelde	Utsleppsgrenser	Prøvetakings-frekvens
Konsentrasjonsgrense			
Olje i avløpsvatn	Oljeutskiljar	20 mg/L	min. 2 gonger per år

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikke tillate. Merk også at bruk olje, andre smøremiddel og væsker som er omfatta av krava i kapittel 11 i avfallsforskrifta, må samlast og handterast som farleg avfall.

4.2. Prøvetaking og analyse

Prøvetaking og analyse skal utførast slik at utrekningane gir mest mogeleg realistisk og representativ dokumentasjon på verksemda sine faktiske utslepp. Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar.

4.3. Utsleppstad for prosessavløp

Verksemda kan føre sitt prosessavløp inn på offentleg avløpsnett i høve til dei krava som vert stilt for slikt påslepp.

4.4. Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikke medfører skade eller ulempe for miljøet.

5. Utslepp til luft

5.1. Utslepp av lukt

Frekvensen av gjenkjennbar plagsom lukt ved nærmeste eller mest utsette bygning⁷ skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

Dersom det er særleg grunn til å tru at verksemda slepp ut lukt, skal det gjennomførast utsleppsmålingar.

5.2. Utslepp av støv

Aktivitetane må vere lagt opp på ein slik måte at nemneverdig støv ikkje slepp ut til miljøet.

Utandørs handtering skal til vanleg skje på fast dekke som må reingjerast jamleg.

6. Støy

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Oversikta skal omfatte både støy frå eigen aktivitet, og støy frå annan aktivitet som er nødvendig for aktivitet ved verksemda.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy ved omkringliggende og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar,

⁷ sjå omtale i vilkår 6

barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/heilagdag
Dag (kl. 07-19)	L_{den}	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl. 19-23)	L_{den}	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	L_{den^*}	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	L_{A1}	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 2.

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timer.

For rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område skal støy ikkje overstige 40 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnet.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Dersom den støyande aktiviteten omfattar tydelege enkeltonar og/eller impulslyd, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at verksemda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda.

6.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy jamleg over sette grenseverdiar. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa etter nærmare krav frå Fylkesmannen. Slik måling/utrekning må gjennomførast av uavhengig firma med dokumentert kompetanse på slikt arbeid. Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Måling må skje i tidsrom det er vanleg aktivitet med maksimalt ekvivalent støyutslepp. Tidsrommet skal vere føremeld til representantar for naboane, kommunen og Fylkesmannen.

Dersom målt/utrekna støynivå som skuldast utslepp frå verksemda ligg nærmare grenseverdiane enn 3 dB (A), må tiltak vurderast og ny, tilsvarande gransking gjennomførast innan 12 månader. Gransking skal elles skje ved endring av drifta som kan ha noko å seie for støyutslepp eller etter krav frå Fylkesmannen.

7. Kjemikal

Verksemda skal berre nytte kjemikal der dei har lokalt tilgjengeleg sikkerheits-datablad på norsk, og der bruken skjer i samsvar med produsenten sine bruks-

område og når dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁸ Produkt med forbodne eller strengt regulerte kjemikal etter REACH-regelverket er ikkje tillate brukt.

Verksemda skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Verksemda skal unngå å bruke produkt der sikkerheitsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

8. Beredskap mot akutt ureining

Verksemda skal, på bakgrunn av miljøriskoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling og skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljøriskoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan, som minimum skal omtale:

- etterprøvbare mål
- definerte fare- og ulukkessituasjonar (uhellsscenario)
- rutinar for tiltak dersom fare- og ulukkessituasjonar skjer
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid
- skildring av beredskapssamarbeid med eksterne parter
- skildring av øvingsopplegg (minimum ein gong per år)

9. Rapportering til Fylkesmannen

Fylkesmannen ber om ein skriftleg årsrapport *innan 1.mars* om miljøtilhøva ved dei ulike aktivitetane på området. Omfanget bør omfatte miljø-/utsleppsforhold som ikkje vert rapportert via Altinn-systemet, og er nærmare omtalt i vedlegg 3. Rapporten må også innehalde ei vurdering av resultata og behov for tiltak.

Det er ikkje sett direkte krav til måling, utrekning eller rapportering av spesifikke nivå når det gjeld utslepp av lukt, støy eller støv. Rapporten bør likevel innehalde ei vurdering av desse miljøtilhøva.

Verksemda bør i samband med rapportering av avfalls- og utsleppsdata oppgje og kommentere usikkerheita i datamaterialet.

⁸ Jf. produktkontolloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

10. Økonomisk sikkerheit

10.1. Finansiell sikring

Verksemda skal stille finansiell sikring for kostnadar med å ta hand om alt farleg avfall dersom verksemda legg ned sin aktivitet, stansar drifta eller får betalingsproblem. Utan ein godkjent finansiell sikring kan anlegget ikkje ta imot farleg avfall, dersom ikkje Fylkesmannen særskilt har godkjent mellombels utsetjing av kravet. Type sikring skal vere særskild godkjent av Fylkesmannen.

Dersom driftsansvarleg firma vert overdrege, fisionerer / fusjonerer, får nye eigalar med avgjerande rett til vedtak, eller på annan måte omdannar eller overfører den ureinande verksemda til nytt ansvarleg firma, skal dette vere meldt til Fylkesmannen på førehand. Nytt driftsansvarleg firma kan ikkje drive etter utsleppsløyvet før Fylkesmannen har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg firma er ansvarleg etter dette løyvet fram til nytt driftsansvarleg firma har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Fylkesmannen.

Dersom verksemda stiller sikring i form av kontopant, vil Fylkesmannen - dersom forholda vert vurdert å vere tilfredsstillande, føre eventuelle midlar som ikkje har vore nytta til handtering av avfallet attende til verksemda.

Så snart som mogleg etter at løyvet er motteke, skal verksemda sende skriftleg melding til Fylkesmannen om korleis ein stiller sikring. Før Fylkesmannen har godkjent sikringa av den aktuelle summen, kan verksemda ikkje ta imot farleg avfall ved anlegget.

10.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall

Lagra farleg avfall skal takast med i bedrifta sitt årlege rekneskap i samsvar med rekneskapsloven slik at dei framtidige kostnadane ved vidaresending og behandling av dette avfallet kjem fram i rekneskapen.

11. Større endringar

11.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

All utskifting av utstyr skal vere grunna på at dei beste tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke ureining skal nyttast.

11.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

11.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar lenger enn ein 1 månad, skal løyvehavar melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er

nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærmere kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon på disponeringa av kjemikalerestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande.

⁹ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1

Metall og metallsambindingar:

	Forkortinger
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortinger
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyler, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyler, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimethylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimethylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar	
.....Muskxylen	
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylatar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilatar	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP

2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol
Per- og polyfluorerte organiske sambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysyklike aromatiske hydrokarbon	PAH
Ftalatar	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
Bisfenol A	BPA
Silosanar	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametyl syklopentasiloksan	D5
Oktametyl syklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 - Definisjonar

L_{den} A-veid ekvivalent støy nivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB tillegg på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er; dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. Lden er nærmere omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49). NB! midlingstid for Lden-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon.

Impulslyd: kortvarig, støytvis lydtrykk som varar mindre enn 1 sekund og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6.

L_{A1} statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støy nivået som blir overskride i 1 % av tida.

Med **tett dekke** meiner ein frostsikkert dekke av sprekkfri asfalt eller betong, alternativt anna dekke med permeabilitet mindre enn $K=1\times10^{-6}$ m/s målt i vassmetta tilstand.

Definisjonar av avfall følgjer så langt det er aktuelt §§ 9-3 og 11-3 i avfallsforskrifta. Nokre sentrale definisjonar er omtalt her:

- **Avfall:** kasserte løsøregjenstandar eller stoff. Som avfall reknar ein også overflødige løsøregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og reinseanlegg m.v. Avløpsvatn og avgassar reknar ein ikkje som avfall.
- **Farleg avfall:** avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med ordinært avfall fordi det kan medføre alvorleg ureining eller fare for skade på menneske eller dyr.
I dette løyvet meiner ein her farleg avfall som fell inn under omtalen i § 11-4 i avfallsforskrifta, og som omfattar avfallstypar som Miljødirektoratet og Fylkesmannen har tilsynsanvar for.
Det vil seie at løyvet ikkje omfattar handtering av avfall som hører inn under følgjande klasser etter ADR¹⁰:

Klasse 1:	Eksplasive stoff o.l. (ansvar DSB, ev. politiet)
Klasse 4.2	Sjølvtennande stoff (ansvar DSB)
Klasse 5.2:	Organiske peroksid (ansvar DSB)
Klasse 7:	Radioaktive stoff (ansvar Statens strålevern)

- **Ordinært avfall:** eitkvart avfall som ikkje er omfatta av definisjonane i avfallsforskrifta § 11-3 bokstavane b til e.
- **Behandling:** dei fysiske, termiske, kjemiske eller biologiske prosessane, som endrar det farlege avfallet sine eigenskapar og som er nødvendig eller hensiktsmessig for disponering av avfallet.
- **Flytande avfall:** avfall i væskeform.
- **Sluttbehandling:** deponering eller forbrenning utan energiutnytting av ordinært avfall.
- **Disponering:** endeleg plassering av farleg avfall t.d. i form av forbrenning, gjenvinning eller kontrollert deponering.
- **Innsamling:** henting av farleg avfall hos ein eller fleire avfallshavarar.
- **Handtering (av farleg avfall)** er definert i § 11-3 i avfallsforskrifta (kapittelet om farleg avfall) som ei fellesnemning for mottak, lagring, behandling og anna disponering av farleg avfall. Det omfattar også vidarelevering av avfall til godkjent anlegg eller mottakar.
I vilkår 1 i dette løyvet er tillate handtering avgrensa til å omfatte handlingar som Fylkesmannen har rettsleg kompetanse til å gje løyve til.
- **Mottak:** Etter avfallsforskrifta: eit tilbod, stasjonært eller mobilt, der avfallshavar eller innsamlar kan levere farlig avfall.
I dette løyvet er "mottaket" det stasjonære anlegget på det nærmere avgrensa arealet omtalt i løyvet.
- **Gjenvinning:** Nyttiggjering av avfall ved ein eller fleire av metodane lista i vedlegg II i parlaments- og Rådsdirektiv 08/98 EØS (Avfallsrammedirektivet).

Med **kjemikal** meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, slik som hjelpekjemikal som vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

¹⁰ ADR: Europeisk avtale om internasjonal vegtransport av farleg gods. Verksemda må ha ADR-godkjent transportmateriell.

VEDLEGG 3 – Innhold i årsrapport

Føremål: Å informere tilsynet, kundar og nærmiljø om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal generelt gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvane etter kapitel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensninger og avfall).

Opplysningane er offentleg tilgjengeleg så framt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegehetslova eller miljøinformasjonslova.

Rapporteringsform: verbal og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

Innhold

1. Kort og verbal omtale av drifta og ev. førebyggande tiltak mot miljøulempe.
2. Evaluering av miljøprestasjon¹¹ (dersom utvikla).
3. Totalmengd avfall som er motteke førre år, og delt etter type (jf. dei 4-sifra kodane i NS 9431). EAL-kode skal spesifiserast så langt råd.
4. Mellomlagra avfall pr. 31.12, gruppert som under punkt 3.
5. Levert mengd, gruppert som under punkt 3, og mottakar av vidarelevert avfall.
6. Resultat av målingar av utslepp (t.d. støy, lukt, støv, olje- og/eller feittutskiljar).
7. Verksemda si vurdering om utslepp til luft (støy, støv, lukt m.m.) eller til vatn har auka, minka eller ligg på same nivå i høve til førre år.
8. Omtale av skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
9. Omtale av ev. unormale hendingar, spesielle problem o.l. Her også om tiltak ved ev. stans i avfallsmottaket, påverknadar av miljøet rundt anlegget og om moglege eller faktiske utslepp til grunn eller vatn.
10. Omtale av visuelle tilhøve som kan verke skjemmande.
11. Om informasjonstiltak, verksemda si vurdering av om informasjonstiltak er tilstrekkelege (gjerne supplert med resultat av del feilsortert/manglande sortering av avfall av kundane, forsøk på feillevering, osv.).
12. Oversikt over energistyringssystemet og energieffektiviseringstiltak.
13. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder.

¹¹ "Miljøprestasjon" (Environmental performance evaluation (EPE)) er eit omgrep for verksemder som er sertifisert etter ISO 14000 eller registrert etter EMAS-forordninga, og nærmare omtalt i NS-EN ISO 14031. Verksemd som ikkje har slikt miljøstyringssystem, kan nytte opplegg og råd i NS-EN ISO 14031 så langt det passar, eller rapportere etter pkt. 3 – 10 i denne lista (så langt det passar).